

## Olaf Grilstad

Så er du ei mere blant dine  
du fjellets trufaste sønn,  
du som elsket høyfjellets vidder  
med sin fattige dvergbjørk og lyng.

Dei trauste Trollheimens topper  
med evige snøbreer og is,  
dit gikk din gang hver sommer,  
du lengtet til ditt paradys.

Også dit gikk ferden i sommer,  
tross lite solgløtt det var,  
enno en gang fikk blikket  
kvile på nuten klar.

Kan hende en vemodstanke,  
hvem vet, kanskje avskjed du tok  
med de kjære og kjente steder  
før ned til bygda du drog.

Vi savner deg alle kjente,  
hedersmann som du var.  
Kvil søtt etter ferden her nede  
og takk for hvert minne vi har!

V e n n e r   p å   Å

## Svaneliden

Av Leif Halse

I Svaneliden  
om sommartiden  
där är så vackert på bergets topp:  
där kan jag sitta ibland och drömma  
och tiden glömma  
och stirra timtals i himlen opp.

I Svaneliden  
om sommartiden  
där ser man milsvidt i världen kring:  
där kan jag sitta til kvällen sena  
så helt allena —  
och gråta, gråta ... för ingen ting.

Karl Alfred Melin

Eg veit ikkje korleis det er med deg, men med meg er det slik at eg gong og annan blir gripen av vemod — av det store vemodet. Tru om det ikkje er slik med deg og? Det er som all din hug er fullflødd, og det store vemodet når dei øvste flostrenger i ditt sinn. Det er ei underleg kjensle og ei lykkeleg kjensle. Ein enkel og vakker tone syng gjennom di sjel — ein tone i moll. I slike stunder leitar du deg gjerne attende til dine barndoms trakter, til naustet nede i fjurusteinane med sjøen blank og roleg utetter mot synsranda — til den grasgrodde vollen mellom oldrene nede ved elva, eller til fjellet med stein og mose og høg sommarhimmel over teler og vidder. Der slår du deg ned, og du opplever kvar gong den underlege skjelvande sanninga i dei versa som står over desse linene.

Vi har vel alle vår Svanelid — ein løynd stad bortafor all strid og alt ståk, ein fredsæl stad med kvile for slitne og trøytt sinn. Mi Svanelid heiter Romådalen.



Romådalen mot Snota

Fot. Leif Halse

No er det skrive og sagt. Eg sit og ser på namnet med ein liten agg av anger i sinnet. Eg skulle helst ikkje ha sagt det, og kjenner det som noko av ei ussel gjerning — ein broten lovnad eller noko slikt. Men gjort er gjort, og så får eg berre ta på meg lovnads-brotet i von om tilgjeving.

Svaneliden!


For ein vedunderleg rytme i sjølv namnet! Det er mest som ein liten melodi! Og til mi store undring oppdagar eg at Romådalen har plent den same rytme — den same mjuke vogging i tonelaget! Forunderleg! Spør du meg så kvar Romådalen er å finne, så får du ikkje svar. Eg vil ikkje bryte fleire lovnader og har visst sagt meir enn nok med det som er. Likevel vil eg gjerne fortelje deg litt om Romådalen eller Svaneliden eller kva du no vil kalle det.

Lengst uti dalen — der lia stuper seg ned mot bygda — ligg Haukarsteinen. Når folk flytter på setrene i jonsok-leitet, så haukar dei ved Haukarsteinen — haukar så det ljomar innetter heile Romådalen. Slik har skikken vore frå gammalt av. Det er varsel til blå-

kjerringa eller huldra om at no må ho flytte ut tu seterhusom og bu i haug og hammar så lenge sommaren og seterferda varer.

Innetter frå Haukarsteinen krokar seter-stigen seg — ein smal hardtrappa stig mellom tuver og steinar. Der lendet er mjukt, teiknar han seg som ei smal för i myr og mold, men over tørre og harde rastar har han ikkje greidd å ete seg ned. Hæljarn og hesteko har slite vekk lyng og grasrot, og bork-slitne rotgreiner av fjellfuru buktar seg som orm i stigen.

Rart å fylgje ein slik stig i fjellet. Han er så ulik den sandgrå og einslungne ålmannvegen. Seterstigen er aldri den same, og han trøytar deg ikkje ut. Alltid har han noko nytt å syne deg. Snart går han bein og alvorleg over ei myrsløgd. Så kastar han seg til vers på ein rabb eller rast, når toppen og stuper seg ned på andre sida. Litt lenger framme svingar han bortom nokre flate steinar. Dei ligg der i blautlenda med høvelege mellomrom og bed deg hoppe. Og så hoppar du og kjenner gleda ved å greie hoppet og koma deg tørrskodd over. Så dukkar stigen inn i ei fjellbjørk-li, og kvister og



Edderkoppspinn


Fot. Brødr. Ryen

lauv stryk deg over andlet og hender, og den friske angen av fjell og vokster får nasevengene dine til å skjelve.

Brått er skoglia slutt, og du kjem fram til elva. Strid og kvit kastar ho seg ned i ei djup og trong bergkløft. Det kokar og syd nedi klemstret, og gufsen frå elva slår svalande mot vandringsmannen. Langs elvefaret er all jord og aur vaska bort, og det nakne grå fjellet svell opp i dagen. Stigen fylgjer elva eit stykke, og berget ligg så traust og fast under foten din. Hæljarna slår mot gråsteinen, og det er så lett å gå. Det er som føtene går av seg sjølve, og attmed deg jagar elva *sin* veg mot klemstret og fossane og bygda.

Men du skal innerter Romådalen, og seterstigen syner deg leia. Der svinger han inn på ein gammel seterstøl. Høgmosen gjev seg under føtene, og det er som å gå på det mjukaste teppe.

Dalen er heller trong. I lågaste lendet ligg brune myrar. I myrjarane veks stivt storgras, og myrulla står og nikkar mot deg med silkekвите hovud — ein fjellvokster utan farge og ange, men useieleg vakker! Når landvinden går og leikar seg i myrull-graset ein



Myrull

Fot. Astrid Olsen

godverskveld — augo ser og ser og blir aldri trøytt av båregangen i det stive storret og vogginga av dei ullkвите knuppane. Det er som fjellet og myra kviskrar og talar til deg om løynde ting. I slike stunder er det store vemodet ikkje langt unna.

På meir opphøge stader veks stutt og stivt gras, og innerter rabbar og rastar står fjellriset lågt og tett. Det klemmer seg mot jorda og held seg fast med seige, sterke røter. Det er tryggast slik for det som veks i fjell. Fjellstorm og snøtyngd bryt ned det som søker i høgda.

Søre dalsida går tverrbratt til vers med urder og hamrar og svarte blanke svad. For det meste er det så bratt der at du kan stå og bite i bakken. Fjellris og bjørk kravlar og kryp i brattlenda og slit seg utruleg langt oppetter. Men her og der innerter lia ser du nakne løyper nedetter mot elva og dalbotnen. Det er far etter skred og utlopp. Der er all vokster sopa vekk, og skrøefaret ligg der som eit ope rivsår etter jutulhand, og det gror seint der jutulhanda har rive. I grøne skrøer nedunder hamrane veks turten og blomen høg og tett. Der var det bjønnlendt i gamle dagar. Der gjekk bamsen og beitte, og under store steinar oppunder svartaste hamrane hadde han vinterhiet sitt.

Nordre dalsida er slakare. Her står fjellbjørka og lyser med kvite silkelegger, og her veks gras både til beite og slått. Høgast i liom skarrar rypa, og ovafor der er trolske botner med blanke vatn og grøne iskalde elvar — eit grått og nakne lende der den store stilla rår. Du fylgjer seterstigen innerter dalen. Sommars dag kan myrane vera så hardtørka at dei ligg som stuegolv under foten. Du hoppar bekker og går i rastar med finnskjegg-gras og fjellris og kjenner ei vedunderleg ro i hugen. Du andar lett og fritt, og kroppen din blir ikkje trøytt av vandra. Du kjenner berre at du kviler og har det godt — at du er av dei som er lykka skyld!

Marklenda skifter i grått og brunt. Men så fører stigen deg opp på ein haug, og framfor deg ligg ein grøn grasvoll og lyser. Det er ein seterstøl, og i øvre kant av stølen står nokre små vergrå hus. Ei lita løe med ope skjel står der og skyt rygg, og litt bortafor står seterbu med tett gras på taket. Det ryk av murpipa, døra er open, så her er folk å møte. Du går borttil, og seter-tausa kjem fram i

skjeldøra og helsar, og du blir innbeden. Det fell kanskje ikkje så mange orda, men du kjenner at du er velkommen hit.

Så går dagen, og det kveldar i Romådalen. Buskapen kjem heim til seterfjøset og blir bunden inn. Sola går ned, og blå kveldskuggar legg seg over låglende og seterstølar. Men enno står fjellsidene i sol. Den steingrå bratte Nebba får ein matt glans av gull over seg, og i brattaste brunom lyser det i kvite fenner. I ljøsken av den låge kveldsola er det som snøen står i brann.

Du sit ved den grå skjelveggen og ser på solglansen over tindar og teler. Augo syg inn dette kjende og kjære biletet frå dine barn-doms dagar. Det grip deg med ei forunderleg makt og held deg fast, og du veit med deg sjølv at ingen stad på heile den vide jord talar stein og fjell og lende til deg med slikt eit mål som her i Romå-dalen — her i Svaneliden om sommartiden.

Dagen i fjellet er høg og rik, men kvelden er noko mykje meir. Den er ei gåve til deg frå nornene — ei eignastund som berre er di, og som ingen kan ta i frå deg. Og ein slik kveld, når fjellvinden susar i graset på det låge setertaket, og skuggane legg seg over myr og mo, over li og lende — da kjenner du noko som liknar eit vart grep kring hjartet. Det store vemodet fyller ditt sinn, og ei ved-underleg kjensle av lykke og sæle skjelv og bårar gjennom heile deg. Og best det er, tek det til å synge i hugen, og det blir til nokre fattigslege rim om ei Svanelid — om ein stad der det er godt å vera:

*Oppi Romådalen med stol og seterskjel.  
Kvar ein stein og stige — eg kjenner dei så vel.  
Mellom brune rastar står myrull kvit og skin,  
og rypa let og skarrar i høgast Kjerrhjell-lin.*

*Oppi Romådalen eg blir så mjuk i sinn.  
Dette gråe lendet har fanga hugen min.  
Romådalen bitt meg og gjev meg aldri fri!  
Romådalen eig meg for år og allan tid!*

*Leif Halse*

## *Utforkjøring fra Neådalsnota*

*Av Per Sylow*

Står du på Hornet, Okla eller Blåhø en klarværsdag og skuer ut over Trollheimens fjellverden, vil blikket feste seg ved en topp i nord-vestlig retning som med sine dristige og elegante linjer lik et kjempemessig kirketak rager opp over tindemyldret — Neådals-snota. Fjern og utilnærmelig, kanskje Trollheimens vakreste topp, som sjelden eller aldri får besøk av menneskekrypet.

Det er i påsken 1943. Vi sitter noen karer ved varden på Okla og beundrer den storslagne utsikten. Neådalsnota virker ikke så avskrekkende langt borte herfra, i et hvert fall ikke gjennom kikkerten. Jo mer vi ser på den, jo mer lyst får vi på å avlegge den en



*Neådalsnota*

Fot. Pieper 1937